



Blir større - s. 4



Slutt - s. 8



Suksess - s. 16




BOKN BYGDABLAÐ

Nr. 7 desember 2016 – Årg. 31



Kultursoga - s. 2, 3 og 27



Kjære boknerar

Budsjett 2017

Bokn kommunestyre vedtok 13. desember budsjettet for 2017.

En av de største sakene er nok beslutningen om å sette ned et utvalg som får i oppgave å legge frem forslag til ny skole på eksisterende tomt innenfor en ramme på 40.000.000,-. Den nyeste skoledelen med bibliotek, dagens ungdomsskole og auditorium bevares som i dag.

Forslaget skal også innbefatte ordning med midlertidig skole under byggeperioden.

Går alt etter planen betyr dette at Bokn fornyer den gamle skoledelen til nytt bygg innen 2-3 år. Dette er et stort, men nødvendig løft for å være godt rustet for fremtiden. Bestemmelsen for hva man må gjøre må også tas nå. Det ville være for sent å beslutte nybygg hvis man allerede hadde kostet mye på den gamle delen. Nytt tak, ny oppvarmingskilde, brannsikring og videre rehabilitering står for tur. Hadde man først startet med dette, hadde valget i realiteten vært tatt uten at man hadde tatt et reelt valg.

Det blir sommerjobb for ungdom også i 2017.

Frivillighetsfondet hvor organisasjoner og lag kan søke om tilskudd til prosjekter videreføres.

Det nye inntektssystemet for kommunene gir mange kommuner mindre inntekter de neste årene. For Bokn utgjør dette en reduksjon i inntekter på ca. 3.300.000,- fordelt på de neste 9 årene. I budsjettet er det besluttet å nedsette et omstillingsutvalg som får i oppgave å foreslå innsparinger på 7-10 mill. de neste årene. Dette for å bedre budsjettbalansen sett i forhold til reduksjon i inntekter og nye investeringer.

Bokn Bygdablad er besluttet nedlagt fra 1. jan. 2017. Stillinga som barne- og ungdomsarbeider vil også bli utfaset

fra 1. juli 2017.

Begge deler er ikke pålagde oppgaver for kommunen som vi tar sikte på å organisere på andre måter.

Bokn bygdablad vil bli erstattet med informasjon og reportasjer på Bokn kommune sine nettsider. Det blir også lagt ut informasjon på informasjons-skjermer som er plassert i forskjellige bygg i kommunen. Man ser også på muligheten for et prosjekt der det kunne vært papirutgave en eller to ganger i året.

De oppgavene barne- og ungdomsarbeideren har mener jeg ungdommen selv må få stor innflytelse på hvordan de vil ha. Jeg er sikker på at der hvor en dør lukkes åpnes det en ny som tar Bokn enda et steg videre inn i fremtiden på en god måte.

Bygdeboka

Jeg vil med dette få utrette en stor takk til bygdeboknemd og forfatter som virkelig har lagt ned et enormt arbeid for å få laget Bygdebok for Bokn. Bøkene har lenge vært etterspurt og ligger nå endelig klare for salg på servicetorget.

Man spør alltid hva man gir i julepresang til de som har alt. I år er det ingen som har alt, og disse bøkene vil nok ligge under mange juletrær på julaften. For de som ikke har sett i bøkene enda kan jeg fortelle at de har noe å se frem til. Når man først begynner å lese er det ikke enkelt å legge bøkene fra seg.

Bokn Arena

Åpningen av Bokn Arena ble en kjempeflott opplevelse med 14 timers non stop-program hvor Bokn's flotte idretts-, kultur- og frivillighetsliv ble vist frem i all sin prakt til stor glede for publikum. Jeg tror denne dagen vil gå inn i historien som en flott dag for Bokn. Alle som var publikum, deltok i programmet, eller hadde andre oppgaver kan virkelig være stolte av seg selv for å bidra til en flott og begivenhetsrik dag for Bokn. Jeg har fått flere henvend-

elser fra folk utenfra som var overveldet over det rike idretts-, kultur- og frivillighetsliv vi har i Bokn.

Det er også gledelig at bruken av Bokn Arena er stor i dag. Squash er blitt en ny folkesport i Bokn. Hall, squash, møterom og fellesareal er jevnt i bruk, men fortsatt plass til mye mer for de som ønsker.

Vi håper det blir mange som har lyst å arrangere større og mindre arrangement fremover i tiden. Her er det ingenting som er umulig, bare å sette i gang. Jeg vil rette en stor takk til varaordfører Lars Sigmund Alvestad som legger til rette og organiserer driften av Bokn Arena på en fremragende måte.

For de arrangementene som er planlagt fremover håper vi det blir fullt hus på alle sammen. Julebord 30. desember med Slogmåkane, Cover Club og massevis av god mat og drikke. Nyttårsaftnen blir det felles fyrverkeri utenfor Bokn Arena. Fyrverkeriet er et felles prosjekt mellom aktører i næringslivet i Bokn og Bokn kommune.

Vassendgutane har også hørt om Bokn Arena. De sa straks fra at de ønsket å spille her, og den 25. mars har de meldt om en forrykende opplevelse. Her er det mye å se frem til, og jeg håper dette og flere arrangement vil være med på å utgjøre forskjellen i Bokn før og etter Bokn Arena.

Bokn Sanitetsforening er en aldeles fabelaktig forening. Jeg har ingen anelse om hvor mange gode prosjekter de har bidratt til i Bokn, men det er mange. Det tok heller ikke lang tid før Bokn Sanitetsforening kontaktet Bokn kommune og hadde en aldeles flott gave. Fullt porselens-servise til 84 personer har foreningen gitt til Bokn Arena. Tusen tusen takk for den aldeles flotte gaven.

Ønsker alle en riktig God Jul og et Godt Nytt År.

Hilsen ordføreren

Kultursoga i hus

Jardar Havikbotn

Ordfører, bygdeboknemnd og forfatter gler seg over at bygdebøkene nå er på Boknatun og klare for sal.

Tysdags kveld den 29. november kunne dei endeleg halda bøkene i nevane. Det 1247 siders store kultursogeverket veg over 4 kg, så ein kjenner det godt når ein held banda i hendene.

- Dette har me venta på i alle fall i tre jul'er, sa leiaren i bygdeboknemnda, Leif Vatnaland, og la til at dei starta arbeidet i 2009, då dei m.a. reiste til Haugesund og las i gamle aviser.

Ordfører Tormod Våga takka dei for eit fantastisk arbeid, og sa han ikkje var i tvil om at bøkene vil ligga under mange juletre i år.

Sal

Onsdag 30. november startar salet på Boknatun. Det blir sal alle kvardagar kl. 12-15. Dei som har gåvekort kan ta med dette og bytta det inn i bøker.

Økonomiavdelinga opplyser at sidan kommunen ikkje lenger har banken her, har me problem med å ta i mot store kontantbeløp - og kan dessverre ikkje ta i mot kontantar ved kjøp av Kultursoga.



FORNØGD GJENG: Fv. ordfører Tormod Våga, Leif Vatnaland, Arne Øvrebø, Sigvart Våga, Reidar Alvestad, Olav G. Larsen og forfatter Birger Lindanger.

Kultursoga kostar kr. 1.000,- for to band og me har to alternativ for betaling:

Nettbank: Gå inn i nettbanken din og betal kr. 1.000,- til konto nr.

3373.07.00305, Bokn kommune. Merk betalinga med «Kultursoga». Og kjenn betalinga og skriv ut kvitteringa (alternativt send kvitteringa på mail til post@bokn.kommune.no). Ta denne med og lever ho når du hentar bøkene i Servicetorget.

Faktura: Send melding til post@bokn.kommune.no ei stund før du kjem og be om å få faktura på

bøkene. Me skriv då ut ein faktura som du kan ta med deg når du hentar bøkene.

Du kan også få bøkene tilsendt saman med faktura. Då kjem porto kr. 160,- i tillegg. Interesserte tar då kontakt på tlf. 52 75 25 00.

Sal i Stavanger

Interesserte som bur i Stavanger kan få kjøpt bøkene hos Rogaland Historielag i Bergelandsgata 30 - tlf. [51 89 56 36](tel:51895636)

Bygdabladet kjem tilbake til ev. andre utsalssteder.

Informasjonsskjermar

Jardar Havikbotn

Bokn kommune har i dag fire slike skjermar, kor det fortløpande blir lagt ut informasjon. Dei to første kom til opninga av Bokn Arena 1. okt. Biblioteket og Boknatun fulgte så.

Det er pr. i dag ein skjerm til under planlegging.

Bokn Arena Booking

Ønsker du å bruke Bokn Arena?
Kontakt Lars S Alvestad
larsalv@bokn.kommune.no Mobil 95253533
Squashhallen onlinebestilling
<https://www.bokn.kommune.no/bokn-arena/utleie/>

14:43
14. DES

4° ONS 6° TOR 4° FRE

Boknatun blir større

Jardar Havikbotn

Bokn sjukestove skal byggast om og utvidast. Samstundes kjem det nye omsorgsbustader i to fløyer der det i dag er sansehage.

ferdig til sommaren 2018.

- Vedtaket om nye omsorgsbustader blei gjort i desember i fjor, og arbeids-

ar, og sluppe dei store diskusjonane om mange ting.

Illustrasjon: OPUS | ARKITEKTER



STOR UTBYGGING: Det blir ominnreing og oppdimensjonering av fasilitetar i eksisterande sjukestove samt nybygg med omsorgsbustader. M.a. skal opphaldsromma bli fleire og større, og kjøkkenet blir nytt - der det gamle kjøkkenet blir ein del av det nye. Det blir også ny parkeringsplass på nordvestre side av bygget.

Det heile skal henga saman slik at ein kan gå tørrskodd frå det eine ytterpunktet til det andre. Byggeprosjektet, som har eit samla areal på 1.000 m² og ein kostnad på 44 mill. - der ca. 50% er statlege midlar, har planlagt oppstart 1. juni neste år og skal vera

gruppa har dette året hatt god aktivitet, opplyser kommunalsjef tenester, Ingunn Toft.

- Det har gått greit, seier leiaren av den tverrpolitiske arbeidsgruppa, Rune Vatnaland. Han fortel at dei har vore samkøyrde og samde om løysing-

Flott og praktisk

Plassen for den nye bygningsmassen peikte seg også tidleg ut, Boknatun blir utvida mot søraust. Etter utbygginga vil sjukestova få to sansehagar, der den eine blir lukka og berekna for demente. Den andre skal bli eit tun, med håp om å knytta saman barn og eldre.

14 bebuarar

I dag er det 12 bebuarar på sjukestova, som i utgangspunktet er bygd for seks brukarar. Nå skal det byggast fire nye sjukeheimsrom, medan to gamle blir nedlagde, for å gi plass til større stove og spise plass. Netto auke blir då på to rom, og det blir plass til 14 bebuarar ved sjukestova etter ombygginga.



Bebuarane i dei gamle omsorgsbustadene frå 1995 skal flytta over i dei nye.

Omsorgsbustader

Det blir bygd åtte nye omsorgsbustader som blir tilrettelagde for at folk skal klara seg sjølve lengst muleg, i tråd med ynskjene til dei eldre.

Utbygginga vil ikkje umiddelbart føra til at det blir mange ledige bustader. Bebuarane i dei gamle omsorgsbustadene skal nemlig flytta over i dei nye. Kva som skal skje med trygdebustadene frå 1995 er førebels uklart, seier Ingunn Toft.

Moderne

Det som er klinkande klart er at Bokn med denne om- og utbygginga får mykje meir funksjonelle bustader, både for bebuarane og dei tilsette. Bueiningane blir spekka med moderne velferdsteknologi, tilrettelagde etter dagens og framtidens krav og pleiebehov.

I førre månad blei det informert om prosjektet i møte med naboar, bebuarar i omsorgsbustadene og pårørande.

Arbeidsgruppa består av Rune Vatnaland (Sp - leiar), Lene Foss (H), Sigmund Alvestad (KrF), Jørgen Thuestad (A) + tillitsvalt frå NSF (Norsk Sykepleierforbund). I tillegg er det ei ressursgruppe, med hovudstillitsvalt, repr. frå NSF, styrar ved sjukestova og kommunelegen. Alle tilsette på sjukestova har også mulegheit til å koma med innspel.

På neste side er ei teikning (pr. 09.12.16) av korleis det vil sjå ut inne.

Bokn Bygdablاد for 25 år sidan

FRÅ NR. 10 1991

HELING FRÅ ORDFØRAREN

Året 1991 som snart er til ende, vil utvilsomt bli ståande som eit merkeår i lang tid framover for oss boknarar. Dersom me hadde spurt den enkelte om kva som har festa seg mest i minne frå dette året, har eg ein mistanke om at dei aller fleste ville svara: Kongebesøket.

Sjølvsagt om bruåpninga den 22.02., og åpninga av ferjesambandet sørover kvar for seg var avgjort store og betydelege hendingar, er nok nettopp besøket av Kongen det som folk hugsar best, og seinare vil forbinda desse merkedagane med.

Eg vil nytta dette høve til å takka alle for den velvilje og sporty innstilling som vart lagt for dagen i planlegginga og gjennomføringa av dei store festdagane me har hatt. Dette bekreftar at når me står saman om noko, maktar me også å gjennomføra det til punkt og prikke.

Det vart nok knytt forventningar til at den nye tida skulle skapa ny vekst i bygda. Dette har vel ikkje synleggjort seg så mykje ennå, men så er me heller ikkje langt på fjorden komen. Det er registrert større interesse for bustadtomter. Utanom dei husa som alt er under bygging er det 5 - 6 hus til under planlegging.


Den føreståande utbygginga på Kårstø bør kunna gi ytterlegare etableringar av bustader. Kårstøutbygginga bør kunna utnyttast av oss også på andre område. Eg tenkjer særleg på dei unge som er under utdanning siktar seg inn på å kunna søkja arbeid der.

Dessverre er det mørke skyer også over oss tillike med resten av landet. Krisa i oppdrettsnæringa kan føra til tap av arbeidsplassar. I skrivande stund er situasjonen veldig ustabil, men me får håpa på det beste.

Men det er vel slik, at det me kallar problem er for bagatellar å kalla i forhold til det som skjer rundt om i Europa, der krig og fattigdom med svære folkemengder på flukt er ting me ser på TV kvar einaste dag. Kanskje hadde "lakseberget" gjort nytte for seg der.

Eg ynskjer alle ei god fredelig julehelg, og eit godt Nyår.

Helsing Leif.





Gåvedryss til Bokn

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: May Jorunn Vatnaland

Det blei overrekket førjulsgåver til Bokn idrettslag og Bokn sanitetsforening den 1. desember då Sparebank 1 delte ut pengegåver i bankens lokaler i Haugesund.

Saman med mange andre lag- og organisasjonar på Haugalandet, hadde dei to Bokn-organisasjonane søkt om midler hjå Sparebankstiftinga. Sistnemnde delar ut ein del av gåvemidlene gjennom Kunderådet (Tidlegare Bankrådet) i SpareBank 1, SR-Bank to gonger i året.

Inspirasjon

Stiftinga vel ut aktuelle prosjekt blant frivillege lag- og organisasjonar som har sendt inn søknader, og ein ser etter tydelege prosjekt som kjem mange til gode og som bidreg til å utvikla lokalsamfunna og regionen. Tanken er at gåvetildelingane skal bidra til lokalt engasjement og utløyse eigeninnsats i dei ulike prosjekta. Gåvene skal inspirera lag- og organisasjonar til å dra i gang nye og gode initiativ som vil gje effekt på ei større gruppe i lokalsamfunnet.

Friluftsliv

Bokn idrettslag fekk tildelt 11.500 kroner til oppgradering av sti og uteområde ved Klepp kystfort i Loden, mens Bokn Sanitetsforening mottok 105.500 kroner til bygging av gapahuk ved Alvestad nærmiljøanlegg. I Rogaland blei det tilsaman tildelt 17 millioner kroner til 138 lag og organisasjonar.



Representantar frå lag- og organisasjonar i Bokn og Tysvær mottok gåvemidlar frå Sparebank 1, SR-Bank.

Bak frå venstre: Oddvin Øvernes (Friluftsrådet Vest), Asbjørn Bakken (Falkeid IL), Jan Helge Hansen (Lundal Vel) og Gerd Jorunn Christensen (Tysvær Frivilligsentral). Foran frå venstre: Linn Sandslett (Tysvær jeger- og fiskeforening), Tove Rullestad (Tysvær kommune), Anette Våga (Bokn Sanitetsforening) og Didrik Alvestad (Bokn IL).

Sparebankstiftinga delar også ut ein ildsjelpris, og årets pris blei på same arrangementet tildelt Asbjørn Bakken. Mange boknarar kjenner Bakken som primus motor i Falkeid idrettslag, og som sentral organisator i samband

med det årlege sykkelrittet Bokn Opp.

Lag- og organisasjonar i Bokn kan søkje om midlar. Søknadsskjema finn ein på srstiftelsen.no.

Gløymde ting i Bokn Arena

Jardar Havikbotn

Kjell Arne Valentinsen ved teknisk seksjon i Bokn kommune seier til Bygdabladet at dei stadig finn gjengløynde ting (ofte dyre) som blir samla saman og innlåste. Dette er

ikkje berre klede, men t.d. sykkelsko, høgtalar og gullring.

Ta gjerne kontakt med kommunen for å avtala møtetidspunkt, helst på dagtid - for å finna det igjen.



Kjære lesar!

Nå held du den siste utgåva av Bokn Bygdablad i hendene. Som ordføraren skriv på s. 2 vedtok kommunestyret i møte 13. des. å leggja ned bladet frå 01.01.17. Bladet skal erstattast med informasjon og reportasjar på Bokn kommune sine nettsider. Underteikna er samd i denne avgjerda.

Ei avvikling av bladets papirversjon har vore diskutert i fleire år, og særleg eldre lesarar utan internett har heldt igjen avgjerda. I dag kjem fleire og fleire seg på den digitale verdsveven. For enkelte litt motvillig, men etter kvart med erkjenning om at det ikkje er alternativ i eit moderne informasjonssamfunn som blir meir og meir digitalisert. Kommunen vil også alltid finna alternative informasjonsløysingar for dei som aldri kjem seg på nettet.

Ferskt og aktuelt

Bygdablad-stoff på nett kjem ikkje ut samla mellom to permar, men til gjengjeld blir stoffet ferskt og aktuelt, og gamle samlepermar blir skifta ut med søkemotorar, som alltid vil finna det du leitar etter. At Bokn Bygdablad er og har vore identitetsskapande og samlande for boknarar i over 30 år er udiskutabelt, men me har ein plattform der dette vil leva vidare, og det er på kommunen si Facebook-side.

Stoff frå bygdabladet.no står for det meste på kommunens største informasjonskanal. Antall treff, likes og kommentarar understreker kor viktig denne nettsida er. Dessutan er toveiskommunikasjon effektivt for Bokn kommune og innbyggjarane.

Refusjon

Eg har hatt stor glede av å vera redaktør for desse trykksakene i 20 år,

og eg er sikker på at eg også vil få stor glede av å vera med på styrking av nettsidene. Me har gitt ut 10 nummer i året. Av ulike grunnar har det denne hausten berre kome ut to nummer, slik at 2016-årgangen berre vil ha sju utgåver. Abonentar og fastannonsørar får igjen pengar for tre utgåver, som er betalte på førehand.

Omega Trykk i Stavanger skal ha kjempestor takk for fantastisk samarbeid gjennom mange år. Dei har ikkje berre trykt bladet, men vore fleksible i trykkeprosessen, hatt idear, løyst mine og hjulpet til med layout og design. Dei har også frakert bladet og levert trykksakene til utsending.

Jardar Havikbotn
redaktør

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Gnr 16, bnr 15 er solgt for kr 500.000 fra Ingri Are og Cruz Joao Pedro Cortinhas til Torhild Levik og Anders Hovland Rasmussen (**02.09.2016**)

Hålandsvegen 104 (Gnr 12, bnr 2) er overdradd fra Ottar Håland til Ingrid Håland (**16.09.2016**)

Hålandsvegen 104 (Gnr 12, bnr 2) er overdradd fra Ingrid Håland til Jens Magne Håland (**16.09.2016**)

Gnr 3, bnr 57 er solgt for kr 1.200.000 fra West Marine Service as til Erland Fjordservice as (**29.09.2016**)

Dagslandsvegen 6 (Gnr 26, bnr 9) er solgt for kr 1.100.000 fra Andrej Dobrev til Steffen Andreas Eide (**04.10.2016**)

Andel av Boknatunvegen 3 (Gnr 9, bnr 132) er overdradd for kr 20.000 fra Else Amalie Nilssen til Bokn Idrettslag (**14.10.2016**)

Gnr 9, bnr 175 er overdradd for kr 20.000 fra Bokn Idrettslag til Else Kristine Nilssen (**14.10.2016**)

Havnavegen 61 B (Gnr 11, bnr 278, seksjon 2) er solgt for kr 2.600.000 fra Nibe as til Helge Solberg (**10.11.2016**)

Dalhavnen Hytteområde 1 (Gnr 19, bnr 68) er solgt for kr 2.150.000 fra Johan Aakre til Unni Iren Øksnevad (**27.10.2016**)

Borgenvik Hytteområde 16 (Gnr 24, bnr 13) er overdradd fra Ole Borgenvik til Knut Reidar Borgenvik, Odd Jakob Borgenvik og Venke Haga (**27.10.2016**)

Overdragelsen omfatter også Borgenvik Hytteområde 14 (**Gnr 24, bnr 14**)

Borgenvik Hytteområde 16 (Gnr 24, bnr 13) er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik, Odd Jakob Borgenvik og Venke Haga til Knut Borgenvik (**27.10.2016**)

Borgenvik Hytteområde 14 (Gnr 24, bnr 14) er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik, Odd Jakob Borgenvik og Venke Haga til Anja Borgenvik, Katrine Borgenvik og Rita Borgenvik Hansen (**27.10.2016**)

Gnr 11, bnr 167 er overdradd for kr 600.000 fra Terje Ognøy til Kjell Arild Bringedal, Sonja Iren Bringedal, Turid Elise Bringedal Houge og Anne Karin Keen Bringedal Meihack (**18.10.2016**)



Kartverket

Pensjonert

Jardar Havikbotn

Bokn Bygdablad har i 2016 sett fokus på dei medarbeidarane som gjekk av med pensjon i Bokn kommune året før. Tidlegare i år har me skrive om Arne Hosaas, Ingjerd Ellingsen, Astrid Sollid og Lindy Haram. Denne gong presenterer Bygdabladet Inger Sønnøve Bokneberg og Marianne Øvrebø.

Erfarne helsefagarbeidarar

Dei har begge vore tilsette ved Bokn sjukestove sidan Boknatun blei opna

1. oktober 1987, dvs. Inger Sønnøve byrja i Bokn kommune tre år før det, som heimehjelpsvikar. Ho utdanna seg til omsorgsarbeidar og Marianne til hjelpepleiar. I dag er desse titlane omtrent til Helsefagarbeidar

Dei er ikkje ukjende med nattevakter. Spesielt Inger Sønnøve har hatt mykje av det opp

gjennom åra. Det synest ho har vore greit.

- Eg legg meg når eg kjem heim i 8-tida og søv til omtrent kl. 13. Så kviler eg gjerne litt på ettermiddagen viss eg skal på natt igjen, fortel ho.

Kvilande vakt

Marianne, som også har jobba i Karmøy og Tysvær, starta med nattevaktvikariat i 1987, som såkalla kvilande vakt. Då hadde ho lov å leggja seg på ein benk, men ikkje lov å sova. Etterkvart blei det slutt på dette, og det blei innført vanleg nattevaktordning. Fram til 1998 var det berre ein nattevakt, noko damene i kor seier

ikkje var kjekt. Sidan 1998 har det vore to nattevakter ved sjukestova.

66-åringane har vore med på mykje i 2. etasje på Boknatun. Dei mimrar om då det var kø i gangen, av folk som skulle inn og bada seg. Det var eit tilbod kommunen hadde ei stund, som ein del av heimehjelpa. Damene hugsar også at dei ikkje hadde mange hjelpemidlar i byrjinga, og her har det vore stor utvikling. Dei er samde i at det har blitt temmeleg mykje betre, og tenker i første rekke på

det gjekk seg til, det også - ved hjelp av yngre og flinke kollegaer.

- Dei skal ha mykje ros, seier Marianne, som har jobba med tre generasjonar (saman med mor og dotter) og pleitt to generasjonar.

- Det er litt snålt, kjem det frå Marianne.

- Ja, det viser at me har jobba her i mange år, konstaterer Inger Sønnøve, og legg til at det har vore greit å ha arbeidsplassen sin så nær.



Inger Sønnøve Bokneberg



Marianne Øvrebø

ulike løfteheisar til forskjellig bruk.

Utfordringar

Det var ei stor utfordring då dei hadde legevaktstelefonen på sjukestova. Då opplevde dei at mange frå andre kommunar, som trudde dei var komne til rett kommune, ringde og skulle ha hjelp. Det kom også inn telefonar dei ikkje var sikre på var seriøse eller tulleringing, og det var ikkje noko kjekt då enkelte samtalar berre blei brotne.

Den største utfordringa har likevel vore då dei fekk datamaskin og alle rapportar skulle skrivast der. Men

God arbeidsplass

Inger Sønnøve og Marianne, som hadde sine respektive avgangar i januar og mai i fjor, er samde om at dei har hatt ein god arbeidsplass. Dei seier at det har vore kjekt å gå på jobb, har alltid likt seg godt på jobb. Dei saknar det sosiale fellesskapet, både arbeidskollegaene og bebuarane.

I 1987 var det 7 brukarar på sjukestova. I dag er det 12 og i følge damene for liten plass. Då er det godt det er utviding på gong - sjå s. 4.

Storstilt opning av Bokn Arena

Tekst: Jardar Havikbotn

1. oktober 2016 vil i Bokn bli hugsa for ei mektig markering av at den nye fleirbrukshallen kunne takast i bruk.

møterommet i 1. etg. og allrommet i 2. etg. hadde nokre av Bokns mange lag og organisasjonar rigga seg til med stands. Det store og moderne

kjøkkenet var tatt i bruk av 9. kl. m/foreldre, som stod for matsalet under heile arrangementet. Dei delte også ut kakestykke frå dei tre store



Foto: Kyrre Lindanger

Det var sett opp 81 bord til festen. Med folk på tribunane og elles rundt på bygget er det grunn til å tru at rundt 500 personar var på opningsfesten.

Opningskomiteen hadde som mål å visa fram det store aktivitetsnivået i kommunen, der idrett og kultur gjekk hand i hand. Både lag, organisasjonar og private blei inviterte til å vera med på festen, både som deltakarar og gjester. Det aller meste av lokale krefter var i sving i løpet av dagen, som veksla mellom aktivitetar, oppvisningar, sceneinnslag, bygdarevy og dans.

17. mai-stemning

Dørene opna kl. 11:30 og folk fekk gjera seg kjende med bygget. Det var reine 17. mai-stemninga og fleire gratulerte kvarandre med dagen. I



Foto frå video: Armand Svendsen

Bokn Arena blei opna av sokneprest Arne Aurdal.

Glimt frå dagen - foto: div.



Lars S. Alvestad (tv) og Tormod Våga song med The Kvednabekkjers.



Bokn KFUK-KFUM speidarane hadde ulike aktivitetar.



Bokn seniordans hadde med seg tre forskjellige dansar.



Gla'trimmen viste fram kva dei held på med.



Det var folk i squashhallen heile dagen.



Friskis & Sveltis hadde oppvisning.



Det same hadde Bokn taekwonDo-klubb.

opningskakene levert av Haugli Bakeri.

Squash

Den mykje omtalte squashhallen hadde fått besøk av nyfikne boknarar, og ikkje minst av folk frå Haugesund Tennisklubb som hadde squash-oppvisningar. Primus motor Anette Våga seier at det var folk der heile dagen.

Sjølve hallen var delt i to. Nordre del var sett av til oppvisningar og fysiske aktivitetar, medan midtre og søre del var rigga opp med bord og stolar - med plass til mange. Og svært mykje folk var det, naturleg nok under sjølve opninga, men også under resten av hendinga.

Offisiell opning

For å samla dei frammøtte framfor scenen, spelte Bokn musikkorps «The Floral Dance». Ordførar Tormod Våga ynskte velkommen før han lot sokneprest Arne Aurdal foreta den høgtidelege opninga. Etterpå smelte korpset til med «Congratulations» og «Boknamarsjen» før me fekk sjå «Boknafilmen», laga av valfaggruppa «Sal og Scene» på skulen. Det kom også ulike helsingar og gåver frå Haaland & Thuestad og ulike gjester.

Lokal diktar Kjetil Hamre framførte eit spesialskrive opningsdikt, som også var tonesett av underteikna - med tanke på å testa allsongfaktoren og akustikken i hallen. Med refreng på storskjerm og litt øving saman med The Kvednabekkjers fungerte dette glimrande. Sidan opningsdagen blei på «humradagen», framførte dei også låten «Dråpen Fra Nasen», eit hummardikt av Kjetil Hamre. Bandet akkompagnerte også konferansierane Tormod Våga og Lars Sigmund Alvestad, som song «Tar Du Med Ei Helsing».

Mange innslag


Frå kl. 13 til 18 veksla programmet mellom idrett og kultur. Med nye og



Konsert med Bokn musikkorps.



Bokn sykkelklubb arrangerte sakesyklingkonkurranse.



Bokn idrettslag hadde ulike aktivitetar.



Nystarta barnekor i Bokn kulturskule.



Boknakoret og Aksang.



Anne Tove Øvrebø m/band på scenen.



Bokn revylag framførte Boknarevyen 2016.

flotte fasilitetar gjekk alt etter planen, dvs. Ida Havikbotn måtte trekka sitt innslag pga. stemmemangel. Bokn KFUK-KFUM speidarane var først ute med ulike aktivitetar. Bokn

seniordans, Gla'trimmen, Friskis & Svettis og Bokn taekwonDo-klubb hadde oppvisningar før Bokn musikkorps hadde konsert på scenen. Så hadde Bokn sykkelklubb sakesykling-

konkurranse og Bokn idrettslag fleire aktivitetar nede i hallen før turen gjekk tilbake på scenen, med barnekor, Anne Tove Øvrebø og Boknakoret/Aksang.

Boknarevyen 2016

Bokn revylag hadde fått revyen ferdig til denne dagen, og mange ville få med seg førestillinga. Det blei sett opp over 400 stolar i konsertoppstilling. Enkelte sette seg også på søre tribune. Hallen fungerte også godt til denne arrangementsforma, og det var god stemning. The Kvednabekkers var revyband.

Olav Rossebø frå revylaget fortel at dei er mest fornøyd med gode tilbakemeldingar, og svært godt fornøyd med fasilitetane i Bokn Arena, der m.a. lydriggen på scenen er den største fastmonterte riggen på Haugelandet.

Utan kostnader

Mange av dei vel 400 som var på revyen blei også med på dansen, som samla 300 stk. Inntektene frå dansen dekkar dei kommunale utgiftene, slik at opninga av Bokn Arena ikkje kosta Bokn kommune noko i kroner og øre. Ting som innkjøpt pynt og batterilys til bordene kjem også til nytte på framtidige arrangement.

Opningskomiteen, som bestod av Tormod Våga, Lars Sigmund Alvestad, Eirik Nedrebø, Didrik Jansen Alvestad, Anne Tove Øvrebø, Wolfgang B. Ognøy og underteikna, er stolte og glade over at det planlagte programmet fungerte så godt som det gjorde, og at dagen blei utruleg flott og minnerik.

Bokn kommune vil retta ein stor takk til alle som bidro til å gjera dagen fabelaktig!

Bokn sanitetsforening har bevilga kr. 25.000,- til koppar og kar i Bokn Arena.

Johannes Vågshaug, født 08.01.35 døde 24.11.16.

Johannes ble født samme dag som Elvis. Han sovnet stille inn etter å ha vært syk en stund med begynnende demens, lungekreft og flere lungebetennelser. Hans siste dager ble tilbragt på Sandnes Helsecenter med familien tilstede. Johannes ble 81 år gammel.

Johannes var sønn av Lauritz Jakobsen Vågshaug og Hilda Vågshaug og var yngstemann i en søskenflokk på 4. Han vokste opp i Bokn og gikk på folkeskolen her. I 1957 giftet han seg med Edit Alvestad, også hun fra Bokn. De var gift inntil Edit døde i 1987. Han fikk etter det en god venninne i Irene Salvesen. Hun var der for ham inntil han døde.

Etter skolen var han på sildefiske og deretter militær-tjeneste, men da de giftet seg flyttet de til Stavanger hvor han jobbet på et lager. I 1960 flyttet han med familien til nybygget hus i Alvestadkroken, i løpet av fire år fikk de fire barn, Eirik, Gry, Tone og Morten.

Han jobbet som matros på frakteskip i noen år, men sluttet og kjøpte sin egen fiskebåt og drev med fiske fra den. I tillegg var han sesongfisker på Sele i over 10 år hvor han var med og fisket laks for Christiand Bjelland AS. I 1969 flyttet familien til Sandnes og han begynte å jobbe i AS Betong. Her jobbet han til han ble pensjonist. I 1973 bygde han hytte på fjellet i Tjørn i Bjerkreim. Her var familien ofte i ferie og helger.

Johannes var en hjemmekjær, gavmild og omsorgsfull



person som blir savnet av mange. Spesielt var barne- og oldebarn veldig glad i ham. Han var stille og omtenkstom og tok godt vare på sine nærmeste. Han likte å løse kryssord, legge puslespill, lese aviser og se sport på TV.

Johannes var en hardtarbeidende og tålmodig person. Han hadde en av de fineste hagene i Sandnes og jobbet mye i hagen etter at han ble pensjonist. Hans datter Tone var kreftsyk i mange år og han stilte opp for henne under hele sykdomsperioden og tok det svært tungt da hun døde for nesten 3 år siden.

Johannes etterlater seg 3 barn, 15 barnebarn og 9 oldebarn.

- familien -

Målfrid Trosnavåg, født 27.04.24 døde 20.09.16.

Målfrid er født og vokste opp på Dagsland. Senere flyttet hun til Alvestadkroken.

Foreldrene var Ingeborg og Magnus Are. Målfrid hadde fem brødre.

Hun giftet seg med Magne Trosnavåg. De fikk tre døtre og en sønn, som døde i 2008.

Av yrke var Målfrid husmor. Hun likte å styre og stelle hjemme. Hus og hjem ble også en hobby, der håndarbeid og blomster stod høyt på lista. Hun la ned mye arbeid i å ha det fint rundt seg, både inne og ute i hagen.

Målfrid var sosial, likte å være sammen med folk og ha besøk. Hun var omgjengelig, blid og likte godt å synge. Hun tok en trall overalt - hele tida.

Hun var veldig hjemmekjær og ville ikke være noen andre plasser. Helt til det siste sa hun at Bokn var den fineste plassen på jord.



Hun etterlater seg tre døtre, to svigersønner, 12 barnebarn og 25 oldebarn.

- familien -

Erling Borgenvik, fødd 11.02.24 døydde 19.08.16.

Han var fødd og oppvaksen i Borgenvik på Vestre Bokn. Frå 1963 budde han på Karmøy.

Foreldra var Rosa og Jakob Borgenvik. Erling var nummer fire i søskenflokken på seks.

Han var gift med Torlaug, f. Våge. Erling var innom forskjellige yrke; fiske, muring - jobba også på båtslip.

Hobbyane var mange; treskjering, landskapsmaling, snikring, fiske, lesing og turar i naturen. Han var ein roleg og snill mann.

Erling var opptatt av Bokn og oppvekststaden, og hytta der. Han følte seg alltid som ein boknar.

Han etterlet seg to døtre, svigersøner og fire barnebarn.

- familien -




Foto: Kjetil Eivind Hamre

Jens Berdines Økland, født 26.01.37 døde 12.09.16.

Jens vokste opp på Bokn og gikk både på folkeskolen og framhaldskolen her. Foreldrene hans var Jensine og Anders Blikshavn.

16-17 år gammel dro han på fiske. Etter det var det Solborg folkehøyskole. Så var det noen år på «MS Sandnes», Natrutten i noen år.

Jens giftet seg med Mildrid 18.12.60. De bosatte seg i Stavanger og da jobbet Jens på Sørbo trelast. De fikk fire barn. Vigdis, Terje, Jorunn og Marit.

I 1969 overtok Jens gården på Bokn. På gården hadde han både melkekyr, sauer og høns. Jens hadde et utrolig godt lag med dyrene på gården.

Utenom gårdsdriften kjørte Jens også bussen en stund på Bokn.

Jens var alltid pratsom og sosial. Og med å hjelpe oss med lekser så var han utrolig tålmodig.

Han var også opptatt av alle andre i verden som ikke hadde det bra og hjalp til med å støtte gode formål.



Jens etterlater seg fire barn, ni barnebarn og ett oldebarn.

- familien -

Lucia-besøk

Jan Magne Moi

Ei koseleg lita gruppe frå barnehagen kom 13. desember syngjande i gangane på kommunehuset. Pensjonistar på IT-kurs fekk også besøk med fin song.

Nydelege nybakte Lussekattar blei delt ut. Takk for veldig koseleg besøk.



GRATULERER

Radu Andrei Stef - 9 år, 8. okt.

Gratulerer med dagen, beste gutt! Hjerte av oss.

Hilsen mamma, pappa og Sara.



Maja Vatnaland Eide - 8 år, 10. oktober.

Me vil gratulera Maja Vatnaland Eide med 8 års dagen den 10. okt.

Ønske deg en fantastisk dag.


Klem fra mormor og morfar.



Michelle Kallevik Våge - 1. år, 14. oktober.

Gratulera så masse med 1 års dagen til verdens beste lillesøster, Michelle. Vi er kjempeglad i deg.

Stor klem fra storesøster, mamma og pappa.



Benjamin Øvrebø Ohnstad - 4 år, 3. desember.

Verdens beste Benjamin fyller 4 år den 3. desember.

Mange bursdagsklemmer fra Victoria, mamma og pappa.



**Julie Kro Birkeland - 5 år, 18. nov.
- Elise Kro Birkeland - 10 år, 4. des.**

Me vil gratulera jentene så masse med dagene!

Hilsen mamma og Bjarne:)



Bokn Arena

Lars Sigmund Alvestad

Bokn Arena har nå vært i bruk i litt over to måneder, og har vist seg å stå til forventningene. Hallen er åpen fra 08:00 til 22:00 hverdager og 10:00 til 18:00 lørdag og søndag.

Faste leietagere

Helt fra første dag har det vært stor aktivitet i hallen, noe som gleder oss veldig. De lag og organisasjoner som har bedt om trening og aktivitetstimer har fått dette stort sett på de tidene en har ønsket. Selve hallen kan deles i tre deler, noe som gjør at vi kan øke aktivitetsnivået i forhold til f.eks gym-salen på skolen. Det har med dette også skapt muligheter for å samle trening og aktiviteter på en plass. Sykkelklubben har blant annet flyttet fra sine lokaliteter på Hognaland til Bokn Arena.

Det er tildelt lagerplass for utstyr til de som har ønsket dette, noe som gjør det lettere for hver enkelt lag å drive aktivitet.

Annen utleie

Bokn Arena er i bruk på alle nivå, møterommene har vist seg å være en stor suksess, her kan nevnes at Politiet har hatt sine ledermøter i møterommet i 2 etg. med svært gode tilbakemeldinger. I den forbindelse har vi hatt både lunsj og middag, servert av lokale krefter. Det har vært arrangert både selskaper og julebord, noe som viser allsidigheten i bygget - inkludert kjøkkenet som har vist seg å fungere bra.

Vi skal ha et stort romjulsarrangement 30. desember som virkelig vil vise hallens muligheter, her skal for-



Bokn Arena 13.12.16 - foto: Jardar Havikbotn

skjellige lokale krefter sy i sammen en meny bestående av lam, hjort, laks og skalldyr. Her blir det underholdning av Slogmåkane hvorpå Coverclub spiller til dans.

Tilbehør

Bortsett fra oppmerking på gulvet, vollyballnett og håndballmål har ikke Bokn Arena eget tilbehør til hallen, derfor vil vi prøve å skaffe eget tilbehør av baller osv. Både skole og idrettslag har lagret utstyr i hallen, men dette er ikke til bruk utover trenings- og aktivitetstider. Den første tiden når slikt utstyr var tilgjengelig, var det stor egentrening og aktivitet i hallen, noe som vi satte stor pris på.

Møteplass

Bokn Arena er tilgjengelig for alle i åpningstiden og dette har skapt en møteplass som både vi og spesielt de yngre setter pris på. Det er fantastisk kjekt å se at så mange unger og ungdommer klarer å ha aktivitet her samtidig som de holder god orden. Det at denne gruppen passer på og bruker hallen på en god måte er helt avgjørende for at vi kan ha åpent på denne måten. Det at vi kan ha et slikt åpent

bygg uten hærverk og til glede for de fleste er noe av det som gleder meg mest. Skulle jeg savne noe her må det være lukten av kaffi og nystekte vafler, så for dere som har tid er det bare å kjøre på.

Bokn Arena Event

Vi er avhengig av å kunne investere i utstyr til Bokn Arena, dette for å kunne møte ønskene fra våre brukere, med et slunket kommunebudsjett blir dette vanskelig. Med den bakgrunn har vi stiftet et selskap som heter Bokn Arena Event, dette selskapet er et ikke kommersielt selskap som har til hensikt å arrangere forskjellige aktiviteter som skaper inntekt til Bokn Arena. Vi er heldig i Bokn som har både frivillige og et næringsliv som bidrar til utstyr. Spesielt er det hyggelig at Bokn Sanitetsforening har bidratt med bl.a. dekketøy.

Vassendgutane

Vi bestemte oss tidlig for at vi ville teste ut hallens mulighet for store arrangementer, her ser vi på større utstillinger og aktiviteter. Jeg har hatt gleden av å være med å arrangere forskjellige arrangement, og siden

Bokn ligger så sentralt til måtte vi fatte interesse fra de store. Etter en hyggelig prat med managementet til Vassendgutane var gleden derfor stor da vi fikk bekreftet at de ville spille her 25. mars 2017. Det må sies å være en fornøyelse å forhandle med et så profesjonelt apparat. Vi har inngått avtale om felles markedsføring for dette arrangementet hvor vi forventer ca. 1.000 publikummere. Så gled dere til dette.

Muligheter

Vi håper veldig sterkt at lag, organisasjoner og private ser mulighetene

som ligger i en slik arena og arrangerer store idretts- eller kulturarrangement her. Bokn er en liten kommune, men vi ligger sentralt til for å samle mye folk.

Brukermøter

Så langt har vi hatt to brukermøter og vil kalle inn til et møte i løpet av de første ukene i januar. Det er viktig å få tilbakemelding på bruken så langt og diskutere veien videre. Vi ser at med godt samarbeid mellom brukerne skal vi få til enda mer aktivitet. Det er spesielt viktig at vi får til en tidsfordeling som gjør at de forskjellige ikke

får etterspørsel til samme brukergruppe. Vi vil også invitere Falkeid idrettslag til dette møtet for å se om vi kan få til håndballtrening her.

Squashallen er stort sett i bruk hele tiden, det begynner å bli vanskelig å finne ledig tid der. Det er fantastisk å oppleve at dette ble så populært både for unge og eldre.

Etter erfaring fra driften så langt er vi fornøyde med mottakelsen hallen har fått og ser frem til en fantastisk opplevelse fremover, hvor vi skal få til større arrangement, både innenfor idrett og kultur.

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Eit *radur* og ein *saummeis* var dei store utfordringane denne gongen. Det er likevel ikkje noko å *herpa seg* opp over, dette er tydeleg sjeldne og spesielle uttrykk. Så blir det spanande å sjå kva de får ut av dagens uttrykk, her er nok å prøva seg på.

Forklaringar:

- | | |
|----------------------|---|
| 1. eit radur | ei dårleg klokke |
| 2. krabbaskjøll | albueskjell |
| 3. ein saummeis | reiskap til å slå inn båtsaum med |
| 4. å herpa seg opp | å hissa seg opp |
| 5. ei tunlod | den halvparten av ei tørrsild utan bein |
| 6. ei hodda | hank til gryte eller spann, også fiskereiskap |
| 7. ei blinning | ei blåleg floge, stikkeinnsekt |
| 8. eit øyrastikk | knute/løkke på not eller garn |
| 9. ein råbandsknude | båtmannsknop |
| 10. å vera myttstilt | så stilt at mytten samla seg |

Månadens utfordringar, kva betyr

1. ei hella (brukt på sau)
2. ei lema
3. ein rusbole
4. ei tåra (reiskap)
5. ein rebel
6. ein gullsmed (ikkje handverkar)
7. ein vongse
8. ein steinulv
9. ei spøda (ikkje til å strikka med)
10. å kve (ved sauming av hest)

Resultat:

Andor Borgenvik	8 poeng
Dagsenteret	7 poeng

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 15. januar.

Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Det er mogeleg dette blir siste papiirutgåva av Bygdabladet. Men kjem Bygdabladet elektronisk, vil me prøva å halda fram med denne serien. Fyrste gong «Eg seie meg så» kom på trykk, var i juni 2010. Sidan har denne spalta fylgd bladet i alle dei 62 utgåvene som har kome i trykken. Det inneber at me i desse spaltene har hatt oppe 620 gamle

ord og uttrykk frå Bokn. Vidare vil me takka alle som har bidrege med ord og uttrykk, fremst Helge Laupland, Leif Vatnaland. Me vil også takka alle som har bidrege med forslag til forklaringar, fremst Andor Borgenvik, Dagsenteret og Sjukesto-va. Mange andre har også bidrege: Arvid, Søndeland, Oddbjørg Øyre Bokneberg og Audhild Svendsen

Alvestad bare for å nemna nokre.

Men som sagt har me ikkje gitt oss, følg med på den elektroniske heimesida, der vil me offentleggjere vinnarane denne gongen og elles halda fram med serien. Med det ynskjer me lesarane lukke til i jakta på gamle boknauttrykk.



Lys vaken i Bokn kyrkje

Jan Magne Moi

Kvart år vert 6. klasse invitert til samling i Bokn kyrkje som også inneber overnatting i kyrkja. 18 november møtte ein spent gjeng opp.

Etter kort oppmøte i kyrkja, gjekk me til «Petra-huset» der Ingrid Jøsang hadde laga taco som smaka bra for alle. Greta Skorpe Elverhaug er trusopplærar i Bokn. Ho hadde ansvaret for opplegget.

Alle fekk laga ein Kristus-krans og fekk vite kva dei forskjellige perlene stod for. Etterpå var det full innsats i å lage eigne sitjeunderlag. Det engasjerte og resultatet vart veldig bra. Då tida kom for legging, var det ein del som ikkje var klar for soving enno!!!

Etter små nattetimar, hadde me frukost på Petra-huset før me øvde framføring til foreldra kom kl. 10.00. Flott sluttsamling og takk for i år.



Seks av deltakarane.



Flotte resultat.



Her blir Gledesperla løfta opp.

Lysmessa

Jan Magne Moi

Søndag 27. november var det kl. 18.00, gudsteneste der speidarane i Bokn var i fokus. Dei kom stilig inn i prosesjon med levande lys. Speidarar dramatiserte også teksten for dagen.



Som vanleg illustrerte presten preika med teikningar som gjorde at ein kunne forstå og følge med. Offeret gjekk til speidararbeidet i Bokn og det kom inn 5.500 kroner. Speidarane avslutta gudstenesta med lys-prosesjon.

Skule- gudsteneste

Jan Magne Moi

Ein flokk frå barnehagen kjem syngjande på Lucia-sangen. Slik startar ei flott skulegudsteneste som inneheld både allsang og opptrinn. Konfirmantane spelte «den 4. vismannen». Impone-
rande. Skulle tru dei var skode-
spelarar. Wendy har laga veldig fine kostymar som er med å understrekar dei forskjellige konfirmantane sine roller.

3. og 4. klasse avslutta det heile med songen: «Det lyser i stille grender».



Lanternetog

Personalet i Bokn barnehage

Desember er i gong med ulike tradisjonar i barnehagen. Me gjekk Lanternetog tysdag 06. desember, og då besøkte vi sjukestova. Me song lanternesangen i gangane og avslutta med julesongar i stova. Etterpå fortsatte me til Dagsenteret og ned i administrasjonen i kommunen. Lanternene har barna sjølv laga, og dei heldt dei fint i handa medan dei gjekk og song. Dette er ein koselig tradisjon som me trur alle set pris på.



Foto: JH

Julefryd

Tekst: Personalet i Bokn barnehage - foto: Jardar Havikbotn

8. desember var det julekonsert i allrommet med Bjørn Kallevik, og barnehagen var med på å synge julen inn.

Barnehagebarna satt nært Bjørn på gulvet, og de svarte villig på spørsmål fra han. Bjørn fenger både liten og stor med sangene sine og vi fikk dratt i smilebåndet mang en gang... På spørsmål om hva som ligger under juletreet kom svaret kjapt fra barna...! Sanger som «På låven sitter nissen», «O jul med din glede» og «Du grønne glitrende» gav oss en fin start på adventstida, og vekket julestemningen for liten og stor.



Vårt ansvar for ettertida: Ungdomshuset på Håland

Birger Lindanger

Idealistane

I samarbeid med Bokn historielag la kommunen sommaren 2016 opp til utbetringar av Ungdomshuset på Håland. Kva er så spesielt med denne bygningen og korfor er det så viktig å bevare han for ettertida? Det må då vera rett å kikka nærare på historia. Kva rolle har det spela for bygda, korfor blei det reist og korfor nett på Håland? Kven var desse framtidsetta folka som tok initiativ til Ungdomshuset?

Me må då 115 år tilbake i tida, til 1901 då idealistiske lærarar drog i gong Bokn kristelege Ungdomsforbund. Vitsen med møta der var å vera eit sosialt alternativ til Grutlå og Parken der det åndelege og fråhaldssaka nok ikkje var det sentrale. Det var særleg lærar og klokkar Elleflådt og lærar Smørddal som trødde til med åndeleg oppbyggelege og meir verdsleg ålmenndannande føredrag.



Ungdomshuset og medlemmar i ungdomslaga kring 1910, bare eit år eller to etter at det blei teke i bruk. Me har her utsyn mot sør.

Snart etter, i 1906, dukka også losjen «Heimfred» opp. Denne foreininga var tilslutta IOGT og med lærarane Guttorm Trahaug og Smørddal som drivkrefter. I åra som fylgde, hamna mest alle bokn ungdommane i desse foreiningane, sjølv om mange på laurdagskveldane heldt fram med å møtast også i Grutlå og Parken.



Husløyse

Ei hovudutfordring for dei to foreiningane var at det mangla eigna møtelokale i bygda. I starten blei det å ty til skulen på Torland der møta blei haldne annankvar søndag. Men frå hausten 1906 nekta heradsstyret å leiga ut skulen.

Så laut dei finna seg private møteste-

ber 1906 hadde lærarane Kr. Smørddal og Guttorm Trahaug – begge med fortid som medlemmar i fråhaldslosjar - invitert boknarane til møte på Torland skule for å skipa ein fråhaldslosje innan IOGT. Med seg hadde dei . Som trekkplaster møtte stortemplar og skulestyrar Arne Halgjem som heldt eit føredrag om kor skadeleg det var med rusdrikk. Avslutningsvis greidde han ut om IOGT og koss ein kunne starta ein lag også i Bokn. Då han var ferdig, spurde han kven som kunne ha interesse av å vera med på å starta ein losje i Bokn også. Av dei 41 møtte blei 21 sitjande. Så tok dei fatt på å strekka kjølen til den nye losjen. Lærar Smørddal føreslo Heimfred som namn, og det blei samrøystes vedteke. Sidan blei det sett ned ulike utval som skulle ha ansvar for å starta opp lager.

Laurdagen etter, den 10. november, blei det invitert til konstituerande møte på Torland skule og i eit ufyseleg vêr med storm og regn. Innleiingsvis vedtok ein å halda møta annankvar laurdagskveld medan lærar K. Smørddal blei vald til formann. Stiftingsmøtet blei avslutta ved at Ingebrigt Trosnevåg overrekte ei formannsklubbe med innskrifta "Heimfred".

Losjen mistar skulen, men vann bygda

Fjorten dagar etter blei det fyrste ordinære møtet halde på Tor-

dar. Same året dukka også Losjen opp som heller ikkje fann eigna lokale. Det var mykje dei same ungdommane som møtte i dei to foreiningane og leiinga var også langt på veg den same. Difor var det ikkje underleg at dei to foreiningane på vårparten i 1907 fann kvarandre i arbeidet for eit eige forsamlingshus.

Klokka 18 laurdag 3. novem-



I denne nordre stova hadde kommunestyret møta sine fram til i 1954. Sjølv om det då bare var tolv representantar, må dei ha sete rimeleg tett. Foto: Jardar Havikbotn

land der lærar Smørddal la ut om kor viktig det var med eigen losje for Bokn. Men ei stor utfordring tårna seg opp: Kommunestyret nekta dei to nye laga tilgang til skulen. Ei sak for seg var at austreboknarane klaga over kor langt og strevsamt det var å gå over Vaulen heilt til skulen på Torland. Løysinga frå 8.desember 1906 var då at Jørgen Jørgensen på Alvestad opna huset sitt for dei. Men snart strøymde det på med så mange nye medlemmar – særleg frå Kyrkjebygda og Austre Bokn - at dette private lokalet blei sprengt.

Velvrde menn arbeide mot oss

Mange eldre bygdefolket var kritiske til den nye foreininga og mange velvrde menn arbeide mot oss og spaadde oss ein lok lagnad heitte det i den fyrste årsmeldinga til Losjen. Men den unge foreininga let seg ikkje knekka sjølv om kommunestyret nekta dei å nytta Torland skule som møtelokale. På eit medlemsmøte i februar 1907 tok Losjen opp at det trongst eit eige forsamlingshus for å bli uavhengig av kommunestyret og leige av skulen. Og dette trongst sidan flokken vaks så mykje at det ikkje lenger fanst private heimar som romma han. Om somrane laut difor losjen ty til friluftsmøte, mellom anna i Våga.

Våren 1907 starta losjen basarar og pengeinnsamling for å sikra seg sitt

eige forsamlingshus. I forkant var det hard tautrekking om kvar huset skulle liggja: I Føresvik, Krogjen eller annan stad. «Det var ein svær strid om plasseringa» heitte det sidan. Kompromiss blei ei tomt dei fekk leiga på Håland. Det låg nær staden det i si tid var aktuelt å reisa den nyekyrkja og argumentet var nå som då at dette låg sentralt til i bygda. Elles fekk dei litt støtte frå kommunen til arbeidet mot at ei lita stove i nordre kanten av bygget skulle vera kommunestyresal. I 1908 kunne så bygginga ta til.

Fram til sommaren 1909 fekk Losjen rett nok disponera eit hus i Alvestadkroken. Men det var lite og ueigna for møteaktiviteten. Dessutan var det usikkert kor lenge Losjen

fekk bruka det. Difor var det stas den 15. august 1909 då Losjen for fyrste gong tok i bruk Ungdomshuset på Håland.

I dei neste par generasjonane var Ungdomshuset det heilt sentrale bygget for boknarane når noko skulle skje. Det var både kulturhus, kommunehus, banklokale, festlokale og bibliotek bare for å nemna noko. Her heldt dei vekkingsmøte, basarar, juletreffar, møte i fiskarlaget og også andelege og politiske møte.

Eit møte under krigen

Søndag den 20.april 1944 litt før kl. 8 om kvelden kom det ruslande folk frå alle kantar av Bokn mot ungdomshuset på Håland - nokre parvis, andre i små klynger. Bare karbidlyktene kasta eit svakt lys der dei gjekk, batteri til vanlege lommelykter var ikkje å oppdriva. Over sundet kom austreboknarane roande, dei var aktive i losjen. For fråhaldssaka sto sterkt over heile Bokn. Jamvel nå midt under krigen heldt dei møte annan kvar søndag, og framført var det ikkje noko å klaga på. Det meste som fanst av ungdom og også ein del eldre møtte trufast opp. På det meste kunne dei vera heilt oppe i 60 møtte, men for det meste var dei 30 – 40 stykke. Det vil seia: Når det var juletreffest blei det trongt i ungdomshuset, då pressa jamt over 150 boknarar seg inn. Når dei skulle ha nye styringsfolk, blei valet halde på tradisjonelt, demokratisk vis. I losjen nådde ikkje nazismen med si førartenking inn.



Dette var under krigen og i parafinlykta si tid. Inne i stovene var det lys, men det fekk ikkje sleppa ut or glasa, tjukke blendingsgardin eller beint fram kunstgjødselsekkar stengde lyset inne og gjorde det bekmørkt ute. Dei gjekk og drøsa om den fæle eksplosjonsulukka som hadde skjedd i Bergen om morgonen same dagen, var det ikkje eit skip lasta med ammunisjon som hadde gått i lufta? Og så var det sjølv Hitlers fødselsdag. Tyskarane feira visst dagen i Loten. "Systrene" og "brørne" var godt kledde om enn kleda var noko loslitne og lappa på, til å vera så seint i april var det bitande kaldt.

Midt under krigen hadde altså IOGT-losjen Heimfred vanleg møte. Det minka på andre samlingsstader, men losjen fekk vera i fred. Så hang dei av seg ytrekleda ute i gangen, og etter kvart fyltest salen som var koseleg opplyst av parafinlampa. Om han ikkje blei heilt full, var dei i det minste 36 stykke.

Heilt fram til inn i 1960-åra var Ungdomshuset samlingsstad og festlokale for gammal og ung i bygda. Som Losjen var det også ein god skule for den oppveksande slekta. Ved sida av føredrag av moralsk/kristeleg karakter, var det ungdommane sjølv som hadde ansvaret for å drifta laget. Det førde til at dei fekk ei framifrå organisasjonspraksis som kom vel med når dei skulle drifta kommunen så og seia utan administrasjon. På



JUNI 2016: Eivind Øvrebø, tv. og Leiv Våga gler seg over vidare bevaring og vedlikehald av Bokn bygdemuseum. Foto: Jardar Havikbotn

Ungdomshuset blei dei lærte opp i møteleiing, føring av møtebøker og å ta referat og i demokratisk praksis.

Men gradvis fekk det avløyning, ikkje minst då Kyrkjebygda skule og bankbygget i Føresvik kom på plass i 1954. Men den endelege kroken på døra, kom då den nye skulen blei teken i bruk i 1973. Etter fem år som lager for Bokn Bygg, blei det i 1978 lagt til rettes for samlingsstaden til Bokn bygdemuseum. Og sidan har bygget fungert som museum.

Så får me håpa at bygda ser seg råd til eit bygg som sidan 1909 har vore så sentralt for livet her. Her var det dei viktige avgjerdene blei tekne i

kommunestyre og bank, her lånte biblioteket ut åndeleg føde og her var det festlokale og møtelokale for alle slag kulturelle og politiske arrangement. Her heldt ein juletreffstar, basarar, vekkingmøte og møte om målsak, kvinnesak, fråhaldssak og elles alle slag aktuelle tema som var oppe i tida. Det var sjølv samlingsstaden for boknarane og mykje av det som skjedde, hadde sitt utspring her. Er det ikkje ansvaret vårt til komande generasjonar å ta vare på eit bygg som til dei grader har prega bygdehistoria? Og er det råd å finna ei meir naturleg ramme for samlingsstaden til bygdemuseet?

Bildegåver; tek du oppfordringa, du dyktige hobbyfotograf?

Anne E. Askeland

I anledning opninga av den nye fleirbrukshallen på Bokn ynskta hobbyfotograf Kurt Misje å gje ei gåve til bruk i hallen. Gåva kunne sjølv sagt ikkje vere anna enn eit bilde til å hengje på ein av dei mange, flunkande nye veggene.

Men, *eit* bilde er jo- berre *eit* bilde. Hallen har mykje vegg... Misje utfordra difor hobbyfotografar frå sjølvaste øynå; vinn- vinn for alle partar og til stor glede for besøkjande og brukarar av hallen, tenkte han.

Lokale fotografar som vart utfordra til å gje ei bildegåve til fleirbrukshallen er:

Marie Vågshaug, Tom Inge Aksdal, Jardar Havikbotn, Hans Faye, Kjetil Hamre, Janne Elisabet Ytreland, Kyrr Lindanger, Ørjan Pedersen, Armand Svendsen og Ingunn Grønnestad.

Like før årets siste kommunestyremøte vart sett, kunne ordføraren allereie ta imot to bilder. Marie Vågshaug og



Marie Vågshaug, ordførar Tormod Våga og Kurt Misje. Foto: J. Havikbotn

Kurt Misje gler seg til å sjå bildene sine på vegg i hallen og sender ei påminning til dei andre fotografane: Har du lyst til å setja spor etter deg; kunne du tenkje deg å bidra til utsmykninga av hallen?

Kva med å gje ei bildegåve; til glede for alle partar!

Begge bildene som vart overrekte 13.12 er i størrelse 50 cm x 70 cm. Bildene er trykt på skumplast.

PS. Tom Inge Aksdal har også sitt bilde klart, men var forhindra frå å møte tysdag 13.12. Han vil overrekke sitt bilde ved anledning.

Forvaltningsstyremøte 05.10.2016, sak 034/16.

Fellingsløyver for hjort i Bokn kommune 31.08.2016.

Forvaltningsstyret vedtok samrøystes: Administrasjonen blei bedt om, så snart råd er og i god tid før neste års kvotetildeling, å vurdere valdstruktur og storleik på valda samt retningsliner for å setja fast og tildela fellingskvoter. Arbeidet må bli gjort i samarbeid med valdleiarane og grunneigarane.

Forvaltningsstyremøte 05.10.2016, sak 036/16.

Gnr. 11 bnr. 79 - Tor Harald Torsteinbø - påbygg bustadhus samt naust og brygge- dispensasjon .

Forvaltningsstyret vedtok samrøystes:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå krav om utarbeiding av reguleringsplan samt frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova, for oppføring av påbygg til bustadhus og nytt naust med brygge, slik det er søkt om.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Forvaltningsstyremøte 05.10.2016, sak 037/16.

Gnr. 18 bnr. 36 - Hans Marius Våga - kai og flytebrygge - dispensasjon.

Forvaltningsstyret vedtok samrøystes:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande føresegner, for bygging av trebrygge og utlegging av flytebrygge, slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på at tiltaket er reversibelt, og ligg mellom to utbygde strandliner.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt

Forvaltningsstyremøte 05.10.2016, sak 038/16.

Gnr. 19 bnr. 79 - Kristin Fjermestad - fritidsbustad - dispensasjon.

Forvaltningsstyret vedtok samrøystes:

1. Bokn kommune dispenserer frå gjeldande reguleringsføresegner for overskriding av tillaten BYA og takvinkel slik det er søkt om.

2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan fristen, vert det gjeve rammeløyve for oppføring av fritidsbustad på fylgjande vilkår: 1. Det vert ikkje tillate å lage køyreveggar i området utover dei som er vist i gjeldande reguleringsplan. Gangsti fram til den aktuelle tomta kan ha ei breidd på maks 1m, jfr. reguleringsføresegnene. 2. Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må det dokumenterast tilgong til tilstrekkeleg og hygienisk trygt drikkevatt, jfr. § 27-1 i plan- og bygningslova. 3. Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må det liggja føre godkjent søknad om utsleppsløyve, jfr. § 27-2 i plan- og bygningslova, samt føresegnene til reguleringsplanen. 4. Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må det liggja føre gjennomføringsplan og naudsyn-te erklæringar om ansvarsrett.

Forvaltningsstyremøte 30.11.2016, sak 043/16.

Gnr. 11 bnr. 256 - Per Erling Wiken - bygging av molo og utgraving i sjø - dispensasjon.

Forvaltningsstyret vedtok samrøystes:

1. Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova dispenserer Bokn kommune frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for bygging av molo og utgraving i sjø, slik det er søkt om.. Det er lagt vekt på at det omsøkte tiltaket er i samsvar med det utkastet til reguleringsplan som ligg føre, og at ingen av høyringsinstansane har hatt innvendingar mot denne del av planen. Ein dispensasjon i den saka som nå ligg føre, vert derfor ikkje vurdert å setje dei omsyna som ligg bak plankravet i kommuneplanen og bygge- og deleforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova vesentleg til sides. Føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert klårt større enn ulemene.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan fristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Forvaltningsstyremøte 30.11.2016, sak 044/16.

Gnr. 16 bnr.14 - Karl J. Davidsen og Tone S. Andreassen - fritidsbustad - dispensasjon.

Forvaltningsstyret vedtok samrøystes:

1. Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå den gjeldande arealdelen til kommuneplanen for plassering av fritidsbustad utafor det området som er lagt ut til spreidd fritidsbusetnad. Det er lagt vekt på at tomta allereie er delt frå, og at den grensar til det området som er lagt ut til spreidd fritidsbusetnad. Det er ein føresetnad at grensa for området som er lagt ut til fritidsbusetnad vert justert ved den neste rulleringa av kommuneplanen sin arealdel, slik at det vert samsvar mellom denne og dei aktuelle tomtegrensene. Det er og ein føresetnad at det ikkje kan delast frå fleire tomter eller førast opp meir enn to fritidsbustader i tillegg til den eksisterande. Etter Forvaltningsstyret sitt syn, vil ein dispensasjon med desse føresetnadane ikkje setje omsynet som ligg bak arealføremålet i kommuneplanen vesentleg til sides, og føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert klårt større enn ulempene.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan fristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Formannskapsmøte 25.10.2016, sak 074/16

Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.

Formannskapet vedtok samrøystes: Bokn formannskap tildeler kr. 25 000,- til søkjar i etablerartilskot/ utviklingsmidlar.

Beløpet blir overført på grunnlag av tilsendt dokumentasjon for kostnader ved etablering/investering som er minimum det dobbelte av tilskottsbeløpet.

Formannskapsmøte 25.10.2016, sak 075/16.

Endring av politiets lokale organisering.

Formannskapet vedtok samrøystes: Ordførar og rådmann får fullmakt til å utarbeide høyringsuttale.

Formannskapsmøte 25.10.2016, sak 076/16.

Informasjonssak—sjukefråvær i Bokn kommune.

Formannskapet tok informasjonen til etterretning.

Formannskapsmøte 29.11.2016, sak 080/16.

Omklassifisering av fylkesvegnett.

Formannskapet vedtok samrøystes: Bokn formannskap slutter seg til rådmannen sin innstilling med begrunnelse som konkluderer med at fylkesvegnettet i Bokn kommune

oppretholdes med unntak av parsellen av FV893 mellom Føresvikvegen og Alvestadkroken.

Formannskapsmøte 29.11.2016, sak 081/16.

Budsjettendring for kyrkja.

Formannskapet vedtok samrøystes: Formannskapet vedtar å løyve kr. 33.000,- til nytt brannalarm system til kyrkja. Kostnaden vert dekket av reserverte løyvingar.

Formannskapsmøte 29.11.2016, sak 083/16.

Nyttårsfyrverkeri.

Formannskapet vedtok samrøystes : å dekket felles fyrverkeri med kr 15.000,- av ein total fyrverkerikostnad på kr 35.000,-.

Formannskapsmøte 29.11.2016, sak 084/16.

Vasskvalitet.

Formannskapet vedtok samrøystes å få ei orientering om vasskvaliteten i kommunen.

Boknakalenderen 2017

Jardar Havikbotn

Boknakalender nr. 10 følger dette bladet. Heile 12 ulike fotografar er representerte i kalenderen, noko me er svært nøgde med. M.a. er alle som blei utfordra til å gi ei bildegåve til Bokn Arena med - sjå s. 23.

I tillegg til dei store bildene er trykksaken utsmykka med mindre svartkvitt-bilder frå kommunen sitt rikholdige arkiv. Temaet i år er fiske. Som vanleg er alle tekstar av Birger Lindanger. Stor takk til han!



Folk flest i Bokn redde for promillekøyrarar

AV·OG·TIL

UTAN ALKOHOL

I ei fersk undersøking som Ipsos MMI har gjennomført for alkovettorganisasjonen AV-OG-TIL, seier 8 av 10 i Bokn at dei fryktar promillekøyrarar i trafikken.

– Faren for skadar og ulykker ved promillekøyring gjer det naturleg å vere redd, meiner dagleg leiari Kari Randen.

Dei aller fleste vaksne nordmenn er òg heilt tydelege på at promillekøyring aldri er greitt: I undersøkinga seier 98,7 prosent av dei spurde på landsbasis at alkohol og bilkøyring ikkje høyrer saman. Likevel er svært mange redde for å støyte på dei som drikk og køyrer:

– Det er eit overraskande og svært høgt tal. Det viser at vi ikkje stoler på medtrafikantane våre. Når faren for ulykker og skadar i samband med promillekøyring er så høg som han er, er det heilt naturleg å vere redd. Det hjelper ikkje kor flinke vi sjølve er bak rattet, dersom vi møter ein bilførar som er ute av stand til å lese trafikkbiletet og ta dei rette vala, seier Randen i AV-OG-TIL.

Randen oppmodar bilistar til å tenkje seg godt om dagen derpå:

– Sjølv om haldningane hos dei aller fleste av oss er svært solide, er det framleis god grunn til å presisere at alkohol og bilkøyring ikkje høyrer saman. Det gjeld òg dagen etter eit festleg lag. Du må vere heilt sikker på at all promille er ute av systemet, før du set deg bak rattet.

Skadane du kan påføre både deg sjølv og andre, sjølv ved svært låg promille, må takast på aller største alvor, seier ho.

– **Det tryggaste er å la bilen stå**

Bokn er ein AV-OG-TIL-kommune. AV-OG-TIL-koordinator Anne Elisabeth Askeland oppmodar alle om å vere ekstra merksame på restpromille og bilkøyring i ei hektisk førjulstid der mange drikk mykje, og der det i tillegg er mørkt og ofte også glatt på vegane:

– Desember er ein veldig sosial månad for mange av oss, der julebord, julemid-dagar, jobbavslutningar og familieselskap fyller kalenderen. Det er viktig å hugse på



at det er vanskeleg å vurdere sin eigen promille dagen derpå, seier ho.

– Det tryggaste du kan gjere dagen derpå, er å la bilen stå, presiserer Askeland.

Gode råd i juletida:

- Dersom du er i tvil – la bilen stå, også dagen derpå.
- Det enklaste og beste er å ikkje drikke i det heile teke når du skal køyre. Ikkje rekn på kor lenge det er sidan det vinglaset til maten.
- Bestem deg før du dreg i selskap: Skal du drikke alkoholfritt og ta bilen, eller skal du ordne annan transport heim?
- Når du er vert eller vertinne, sørg for å ha eit utval alkoholfrie drikker til sjåføren/sjåførane.
- Ver tydeleg på at bilkøyring med promille er ein dårleg idé, og be potensielle promillekøyrarar om å leggje frå seg bilnøkkelen.
- Enkelte medisinar gir òg nedsett evne til å køyre bil. Sjekk pakningsvedlegget og respekter åttvaringa mot å køyre bil når du bruker slike medisinar.
- Ser du nokon som køyrer med promille eller annan rus – meld frå til politiet på 02800.

Julegranstening i ny drakt

Tekst: Jardar Havikbotn

Foto: Solrun Ognøy

1. søndag i advent var det juleverkstad før julegransteninga på Boknatun.

Initiativtakar Catharina Øvrebø syntest dette var veldig kjekt, og det samme gjorde nok også dei frammøtte. Allrommet var nemleg heilt fylt ungar og vaksne. Tre kvarters juleverkstad før tenninga av julegrana viste seg å vera passeleg for dei minste barna. Dei litt eldre ungane kunne nok tenka seg litt lengre tid.

- Det blei litt trangt i allrommet. Så kanskje me burde hatt det i idrettshuset eller i allrommet i 2. etg. i Bokn Arena, for så å gå i fakkeltog til juletreet på Boknatun, fortel Catharina.

Økonomisk gjekk arrangementet ein del i minus. Eit ev. overskot skulle gå til ein



barneheim i Tanzania, men m.a. blei det lite kakesal under juleverkstaden, for det var så kjekt å laga julepynt. Eldsjelen seier ho gjerne gjer det igjen neste år, men ikkje åleine.



Bygdeboka på plass

Birger Lindanger



Måndag 27. november var ein historisk dag, endeleg kom dei to banda kulturhistorie rullande inn dørene på Boknatun.

To solide bøker på til saman 1247 sider, temmeleg nøyaktig hundre fleire sider enn dei to gards- og ættesogene. Med det er sluttstrek sett for bygdebokarbeidet i Bokn. Og resultatet er fire band på til saman 2400 sider! Her er ikkje bare trykksverte, men også innpå 1200 foto og illustrasjonar! Av desse finn du om lag 600 bare i dei to banda kulturhistorie som kom nå!

Frå istida og fram til i dag

Medan dei to banda gards- og ættesoge viser slektene og gardane, fortel dei to siste binda om koss bygda vaks fram til å bli det ho er frå istida fram til i dag! Dei fortel om koss Bokn smelta fram or isen, om koss dei fyrste kom i land og koss dei levde. Her kan du finna om sildefiske for 1500 år sidan og om slaget ved Steinsholmen som endra noregshistoria.

Her finn du mellomalderske stormenn, Svartedaude, avfolking og ny folkeauke. Vidare møter du lensmenn på Nerabø, skatteopprør i Fø-



resvik, trolldom, heksebrenning og drap. Me ser koss boknarane reiser seg mot urimelege påbod frå København – og vinn. Me er i bryllaup på 1700-talet og møter boknarar som utvandrar på 1800-talet.

Koss gjekk det til?

Her kan du lesa om koss det gjekk til då Bokn blei eigen kommune og om då annan kvar bonde på Austre Bokn var skipsreiar. Koss gjekk det til då Bokn fekk straum, bank og handelslag? Her kan me fylgja den store skulestriden midt på 1900-talet og om tyske militære og britiske komman-

dosoldatar i Loden.

Her får me vita korfor Bokn og ikkje Rennesøyhodne fekk fjernsynssendingen og koss det gjekk til då øyane fekk bruer og oljeinntekter. Og ikkje minst er det forteljinga om dei mange foreiningane, om lagsaviser frå 1905 av og kulturarbeide ved tusenårskiftet!

Alt dette og ufatteleg mykje meir går du glipp av om du ikkje sikrar deg dei to siste banda av boknahistoria! God appetitt!

Sakristiet

Jan Magne Moi

Det søre vindauget på sakristiet har stått blenda i lengre tid. No har Erik Våga bytta treverk som var naudsynt og laga nytt listverk ute. Mæland bygg har skifta kledning. No kan me gå jul i møte med varmare og tettare hus og ferdig mala kledning på veggen.



Me syng jula inn

Tekst: Jan Magne Moi - foto: Kjetil Hamre

Boknakoret og Aksang hadde hand om konserten 8. desember. Kyrkja var fullsett og programmet var svært bra. Her var variasjon mellom allsang og korsang. Veldig mange flotte framføringar.

Det nystarta barnekoret var det mange som gleda seg over. Litt sjenerte i starten, men tok i meir og meir.

Konfirmantane hadde opptrekk om «Den 4. vismannen». Flott framføring og budskap til ettertanke: Det du gjer mot ein av mine minste, det gjer du mot meg.

Vonar det vert tradisjon med å syngje jula inn. Det var så flott å lytte til all den fine songen og det er så bra å få vere med på dei kjente julesongane. God jul!



Lysestake

Jan Magne Moi

Kyrkjelyden har pleid å gje lysestake til dei som døyper borna sine i Bokn kyrkje. Heilt sidan Ottar Håland døydde så brått, har me vore utan lysestake til å gje bort. No har Erik Våga teke på seg å lage lysestakar. Første lysestake fekk Angelica Marie Are då ho vart døypt søndag 11. desember.



Julevandring

Jan Magne Moi

Første klasse var invitert til å vere med på julevandring. Keisar Augustus (Marit Sofie T. Vikre) tok imot og fortalde om kva som skjedde då Jesus vart fødd. Forskjellige born fekk forskjellige klede å ta på etter kor ein var i forteljinga. Til slutt hadde ein både vismenn, gjetarar, englar, Josef og Maria. Sidan arrangementet kolliderte med korøving til «Me syng jula inn», var ein færre enn påmelde, men sporty foreldre stilte opp.

Det var organist Bergfrid Seibt og kateket Marit Sofie Teistedal Vikre som hadde



opplegget som vart ein levandegjering av hendingane me feirar med jul.

Gla` Trimmen – vårsesong 2017

Vi ynskjer velkomen til ny sesong Gla` Trim på Bokn. Har du lyst til å vera med er du velkomen til å møta opp

TORSDAGAR klokka 10.30 til klokka 11.30,
Hallen - Bokn Arena.

Vi har høgt fokus på kjernemuskulatur og balanse-
trening, men sjølvsgt også på utholdenheit.
Trimmen passar for både kvinner og menn og vi opp-
fordrar alle om å ta turen innom oss.

Hugs gode sko og litt vatn på ei flaske.

Vi gler oss til å sjå deg!

Spørsmål? Ta kontakt på 95 94 59 08



PUBLICA

Diktsamlingen fås kjøpt på
Bokn kulturkontor, kr. 249,-

KJÆRLEIKSVEVEN

Kjetil Eivind
Hamre

Frisørrømmet på Boknatun - i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLF

Nå er det jul igjen!

Fine tilbud i salongen:

Renati kun 129 kr!!

Kjøp sjampo/balsam og få ein spray.

God jul og godt nyttår!

Julehilsen frå

Frisørrømmet
på Boknatun

Åpningstider i jula
23.12 - stengt
3. juledag - stengt

Bokn Bygdablad ynskjer
alle lesarane sine ei
fredeleg jul og eit godt
nytt år!

BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og
fredag 08 – 15.

Telefontider 08-11 og 13-14.

Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå
bokn.kommune.no for meir info.

**Ved livstruande tilstand, ring
113.**

Dersom du er utanfor kommunen, men
treng å komme i kontakt med Bokn
legevakt (f.eks som pårørande), ringer
du 52 74 85 22.

Jan Schille - lege



Velkommen!

Tilbud på hår/oppsett fra
kr. 300-350,- For balayage kunder har
jeg et påfyllingstilbud innen 3 uker av
glossing, med vask og føn for kun kr.
150,-

Har gavekort og andre julegavetips. Har
åpent til og med onsdag 21. des. Det blir
mulighet for å ta nyttårsklipp/hårfiks i
romjulen fredag 30. des.

Takker alle dere gode Hårsmia-kunder
for besøket i året 2016 og ønsker dere,
og nye kunder hjerteligst velkommen
igjen på nyåret. Øns-
ker alle en riktig god
jul og et godt nytt år.

KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå	2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå	500 kr.
Skinnpøleie	frå	500 kr.
Desinfisering av klimaantl.		500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taktolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sagkjedeløje osv.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær

begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
907 83 797

John Magne Lie
909 24 964

Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.

**Opningstider blir varsla med
oppslag på døra og på
Facebook-sida vår.**


Helsing

Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258



Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

Opningstider, Bokn bibliotek

Måndag 16.00 - 19.00

Tysdag 09.30 - 13.30 (Kafé)

Onsdag 16.00 - 19.00

Torsdag 09.30 - 13.30



TANNLEGE

Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE

Camilla K. Mæland

Telefon 52 77 57 00

LAG/ORGANISASJON	LEIAR	E-POST	TLF.
Austre Bokn Bygdalag	Silje Aksdal	geiaks@online.no	91532843
Bokn Arbeidarparti	Anne L. Faye	anne.lovereide.faye haugesund.kommune.no	92213062
Bokn bedehus	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Bokn bondelag	Torstein Alvestad	torstein@kleivaa.no	97155627
Bokn båtforening	Kaj Arne Christiansen	kajch89@hotmail.com	90960035
Bokn Computer Gathering	Vegar Våge	vegar@vpcs.no	48035182
Bokn danse og ungdomslag	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn fiskarlag	Edgar Våge	edgarvaage62@gmail.com	45030004
Bokn Gatebilkubb	Odd Kenneth Tollaksen	odd.kenneth.tollaksen@gmail.com	93087679
Bokn Hagelag	Silje Aksdal	geiaks@online.no	91532843
Bokn Historielag	Leiv Våga	leiv.vaga@haugnett.no	94144714
Bokn Høyre	Lars Sigmund Alvestad	lal@sdir.no	95253533
Bokn Idrettslag	Didrik Jansen Alvestad	dr.didrik@hotmail.com	92607901
Bokn KFUK-KFUM speidarar	Svein Ove Alvestad	svein.ove.a@haugnett.no	99513972
Bokn Kristelege Folkeparti	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Bokn MC	Jostein Larsen	jglarsen@haugnett.no	47866141
Bokn musikkorps	Dagny Grønnestad	dg@highcomp.no	93084163
Bokn Mållag	Venevil Birkelund	venevil.b@vindafjord.kommune.no	98439214
Bokn Næringsforum	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Pensjonistforening	Gunnvor Eiksund	jeiks@online.no	97545063
Bokn ride og køyreklubb	Amalie Våga	amalievaaga@hotmail.com	98049387
Bokn Røde Kors	Lars Øyvind Alvestad	la-oal@online.no	94261301
Bokn Sanitetsforening	Reidun Grønnestad		97544010
Bokn Sau og Geit	Geir Aksdal	geiaks@online.no	90954910
Bokn seniordans	Ingunn Are		90249057
Bokn Senterparti	Rune Vatnaland	ruvatn@online.no	91158547
Bokn skyttarlag	Edgar Våge	edgarvaage62@gmail.com	45030004
Bokn sykkelklubb	Lars Øyvind Alvestad	la-oal@online.no	94261301
Bokn taekwon-Doklubb	Jørn Hansen	jornhansen71@hotmail.com	47444221
Bokn vevstove	Wenche Jøsang	ar-joes@online.no	98078351
Den indre Sjømannsmisjon	Svanhild Alvestad	svanhild@kleivaa.no	93415440
Det norske misjonsselskap	Edvin Øvrebø		48356520
Føresvik velforening	Audun Høie	audhoi@hotmail.com	41647754
Havnavegen velforening	Lise Rødde	liserodde@hotmail.com	41565747
HLF Tysvær og Bokn	Anne Grete Stake	agret-st@online.no	48009141
LHL Tysvær og Bokn lokallag	Tove Karin Høgemark	lhl.tysvaer-bokn@lhl.no	99619340
Petra fritidsklubb	Cecilie Odland	cecodl@boknskule.no	91654216
Sjømannskirken Norsk kirke i utlandet	Elly Borgenvik		90647166
Tysvær og Bokn bonde- og småbrukarlag	Vivian L. Huglen		93230101

A-Blad

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN



God jul og godt nytt år !